

Referat fra styremøte i Os roklubb.

Sted: Roklubben
Dato/tid: 01.12.2016, kl 19.15 – 21.30.
Til stede: Rolf Hustad, , Hanne Haaland Hillestad, Eirik Vevatne, Mattias Haugland, Simon Bjørnevik og Tore Grindevoll, Bård Monsen og Monica Moberg. Sissel Lothe Høvik kunne ikkje møte.

Saker:

1. Referat frå 20.10.2016 er godkjent.
2. Styret har fått ein prøvekolleksjon på overtrekksdrakter fra Macron. Draktene er bestilt.
3. Gulvbord på terrasse må skiftast ut og det bør leggest tak under slik at det er tørt å stå under. Det er ønske om eit utelys under terrassen. Mattias sjekker pris på takplater og terrassebord.
4. VKS Norge har laga ein tiltaksplan og dei har laga til ein generell søknad som roklubben kan bruke når vi søker om midler og støtte. Rolf, Sissel og Mattias har hatt eit møte og har ein strategi for å finne aktuelle sponsorer.
5. Os roklubb stilte med 16 utøvere og trenere/foreldre til treningscamp i Strandebarm i lag med Fana og Stavanger roklubb.
6. Mosen på taket må fjernast. Simon sjekker om Jernia kan få tak i 24 meter kobberbånd til å montere på taket.
7. Pionerbåten vert lagt ut for salg på Finn. Styret må betale Steinar for følgebåt.
8. Følgebåtane må og få navn og styret har vedtatt; Per, Pål og Espen Askeladd.
9. Styret må planlegge å få løyve til å ro på Vindalsvatnet for seniorer og junior A og B roere. Monica ordner med søknad til kommunen. Sissel sjekker med forsikringskapet om roklubben sin forsikring gjeld for roing på Vindalsvatnet.
10. Styret vil lage ein kjøreplan for arrangering av rostevner slik at nye styremedlemmer kan følgje dette. Monica har laga eit utkast ut frå erfaringar frå tidlegare stevner.
11. Rolf har fått laga til eit årshjul for neste år. Det blir lagt ut på nettsidene til klubben.
12. Startnummer manglar så styret må telle over beholdning og Tore sjekker med Stavanger roklubbom dei kan bestille nye.
13. Valkomiteen har starta arbeid med å få inn nye kandidater til styret for neste år. Simon og Hanne går ut.
14. Arne Hadler-Olsen vant gull i Nordisk mesterskap i Sorø i 2014, Simon etterlyser diplom til å henge opp i klubbhuset.
15. Sissel lager til søknad om spillemidler (tilskudd til lag og organisasjoner) for 2016.
16. Styret har fått godkjent søknad om å grave og pigge ut for framtidig tilbygg på båthallen. Rolf har teikna forslag til utbygging. Bård reknar på prisoverslag.

Roklubben må rydde skog og kratt slik at Os yrkesskule kan ta jobben med graving og pigging. Mattias ser på hogstjobben.

17. Rolf og Sissel på Ledermøte i roforbundet den 21.11.16.
18. Eirik har kjøpt inn nye treningsmatter.
19. Status for skaden på Hedeveg, Rolf klager på avslag frå forsikringsselskapet.
20. Det er lite utleige for tida og styret vil annonsere på facebook, Os kjøp og salg om våre utleigelokaler.
21. Styret vil ha regler for hygiene for sambruk av stove til trening/utleige. Forslag er å montere spritautomat i treningsrom slik at utøvere kan tørke av treningsutstyr før og etter bruk. Treningsmatter må vaskast ofte. Styret spør Tore om han kan sjekke pris/bestille spritautomat med påfyll der han bestiller tørkepapir. Roere kan og kjøpe egne setetrekk til romaskiner.
22. Komande klubbaktiviteter; Monica har delt ut loddbøker til pinnekjøttlotteriet. Og det blir stand på Flåten senter lørdag 10 desember. Det må leggest ut vaktlise på facebook. Det blir premie for mest solgte bøker. Rolf/Sissel sjekker med Rema 1000 på Os og Landås om vi får varetellinger i år.
23. Status fra Rosjef : det blir dugnad i løpet av vinteren for å reparere MKLasse, Rune, Bjørnen og Askvik.
24. Bård, Audun og Rolf starar opp ei arbeidsgruppe for planlegging av vannsportssenter på Vinddalsvatnet.
25. Styret jobber med å få pristilbod på ny forsikring hos Frende.
26. Styrer går inn for ein sponsoravtale med MX sport og Adidas. Klubben vil få gode innkjøpsavtaler på utstyr og sponsormidler.
27. Rapport frå materialforvalter, baner og båter er tatt inn og bryggeanlegg er ferdigstilt.
28. Neste styremøte blir torsdag 12.01.17 kl 19.15.

Rolf Hustad
Leder

Monica Moberg
Ref.